



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
30.06.2016
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2016/9041
Dykkar referanse
«REF»

Salar Bruk AS

Rapport etter tilsyn ved Salar Bruk AS lok Rosslandspollen 29 juni 2016

Rapportnummer: 2016.002.IFMHO

Til stades ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Jørn Fanavoll, driftsleiar
Kristian Råstad, samfunnskontakt
Lena Vermedal, kvalitetsleiar

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Anne Christine Knag
Tom N. Pedersen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann ingen avvik og 2 merknader under inspeksjonen innan følgjande tema:

- miljømål
- krav i utsleppsløyvet

Merknadene er nærare omtala frå side 3 i rapporten.

Fylkesmannen fann ingen avvik innan dei tema som vart kontrollert og har ikkje trong for tilbakemelding på desse marknadene. Vi ser på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

Anne Christine Knag
overingeniør

Tom. N. Pedersen
seniorrådgjevar

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Meland kommune.

1. Informasjon om verksemda

Namn: Salar Bruk AS	Anleggsnr: 1256.0028.03
Besøksadresse: Stekkeviksvegen 42	
Postadresse: 5917 Rosslund	
E-post: jorn.fanavoll@fjordbruk.no	Telefon: 56 17 45 50
Kommune: Meland	Organisasjonsnr.: 980 481 166
Bransjenr. (NACE-kode): 03.211	Eigar (org.nr): 986 201 270
Løyve sist oppdatert: 7. februar 2014	Risikoklasse: 2

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir overhalde. Inspeksjonen går inn som ein del av ein lokal aksjon på akvakulturanlegga i Hordaland.

Fylgjande hovudtema vart kontrollert:

- miljømål
- miljørisikovurderingar
- resipientgranskingar
- avfallsforskrifta, kapittel 11
- leiinga (driftsleiinga) sitt ansvar for ytre miljø
- drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget
- avvikshandtering
- krav i utsleppsløyve

3. Oppfølging etter kontrollen

Fylkesmannen fann ingen avvik innan dei områda som vart kontrollert. Vi ser på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

Verksemda kan kommentere dette varslet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. § forvaltningslova § 16.

4. Kontrollgebyr

Verksemda skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 2. Dette betyr at de skal betale 16.300 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg via Miljødirektoratet si nettstad Norske Utslipp på www.norskeutslipp.no, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- produktkontrolllova
- utsleppsløyve til verksemda
- dokumentasjon som verksemda la fram under kontrollen

Informasjon om regelverket finn du på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga (for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann ingen avvik under inspeksjonen:

8. Merknader

Merknad 1: Verksemda har sett miljømål for lokaliteten Rosslandspollen, men nokre av dei er ikkje målbare.

Kommentarar:

Det skal setjast miljømål for anlegget som er lokalitetsspesifikke og målbare, jf. Forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 2. ledd punkt 2. Leiinga skal kunne evaluere om verksemda sine miljømål om ikkje å forureine resipienten på ein akseptabel måte er nådd. Det var sett miljømål for MOM B gransking, noko som er standard for matfiskanlegg og er ikkje eigna som klassifisering av miljøtilstand ved settefiskanlegg. Miljømåla skal vere konkrete og det skal vere mogleg å evaluere om måla er nådde eller ikkje.

Merknad 2: Rapporteringskrav i utsleppsløyvet

Kommentarar: Utsleppsløyvet punkt 11 set krav om måleprogram og utrekning av utslepp. Salar Bruk AS har gjennomført måleprogram, men det er ikkje gjort utrekning som syner at reinsekrav i punkt 3.2.3 i løyvet er nådde.

Merknad 3: Substitusjonsplikta gjeld for alle kjemikal

Kommentarar

Salar Bruk AS nyttar Eco Online og har gjennomført substitusjonsvurderinga dei kjemikala som blir nytta i eit visst omfang. Under tilsynet så vi at det vart reingjort ein del utsyr med vaskemiddel der avrenning gjekk direkte til sjø. Det vart opplyst at dette «berre var Zalo». Vi meiner verksemda og kan substitusjonsvurdere kjemikal som blir nytta i mindre mengder, t.d. ved å velje meir miljøvenlege svanemerka produkt.

9. Andre tilhøve

Resipienttilhøve ved lokaliteten er prega av at Rosslandspollen har svært grunt innløp av avgrensa vassutskifting. Det er sett krav i løyvet til reinsing av avløp og til at delar av ferskvatnet frå anlegget skal førast ut til djupaste punkt i pollen for å lage omrøring av vassmassane og sikre god oksygenprofil.

Vi merka oss som positivt at det er sett opp ei lense ved avløpet som vil stanse partiklar og feitt frå å flyte ut i pollen, jf. bilde under punkt 10.

I samlekum for avløpsvatnet var det ål. Vi gjer merksam på at ål er på raudlista og skal sleppast levande ut i sjø utafør filtre og silar.

10. Bilde



Foto 1: Bruk av lense og silduk for å hindre flyt av feittpartiklar blanda med støv og anna ut i Rosslandspollen.